

## **MØTEBOK**

### **REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL**

**Møtedato:** Fredag 20.12.2019  
**Stad:** Geilo, Bardøla Høyfjellshotell

#### **Desse møtte frå Regionrådet:**

Solveig Vestenfor, Ål kommune  
Pål Rørby, Hemsedal kommune  
Petter Rukke, Hol kommune  
Heidi Granli, Gol kommune  
Tore Haraldset, Nesbyen kommune  
Merete H. Gandrud, Flå kommune

#### **Desse møtte frå administrasjonen**

Knut Arne Gurigard, dagleg leiar

#### **Desse møtte frå Buskerud fylkeskommune:**

Iselin Haugo, fylkeskontakt

#### **Desse møtte frå rådmannsutvalet**

Ole Johnny Stavn, Hol kommune  
Karsten Popp Dideriksen, Ål kommune  
Hege Mørk, Gol kommune  
Jan Olav Helling, Hemsedal kommune  
Henrik Skovly, Nesbyen kommune  
Odd Egil Stavn, Flå kommune

---

### **SAK 66/19 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 29.11.2019**

#### **Vedtak**

Protokollen 29.11.2019 er godkjent.

### **SAK 67-19 STRATEGISK PLAN FOR HALLINGDAL 2021 – 2024**

Med bakgrunn i saksopplysningar og innleiing frå dagleg leiar vart arbeidet med Strategisk plan for Hallingdal 2021 – 2024 drøfta. Det var gjort slike førebelse konklusjonar:

- Det blir gjort ei nærare vurdering av planstaus for strategisk plan med eit utkast til planprogram, til møte 31.1.
- Komande strategisk plan skal involvere kommunane i sterkare grad og strategisk plan må inn i kommunale planar.
- Målsetting at strategisk plan kan vedtakast på Hallingtinget 30.10.2020
- Hallingtinget 29 – 30. april vil i stor grad omhandle arbeidet med strategisk plan.

### **SAK 68/19 ORIENTERING LIVSKVALITET HALLINGDAL, STATUS OG VIDARE ARBEID**

Dagleg leiar orienterte kort om vidare arbeid med prosjekt Livskvalitet Hallingdal. Innbyggjarundersøking Hallingdal bli no analysert. Det blir arbeid med fullfinansiering av

konkret tiltak Livkvalitet Hallingdal med eigen prosjektleiing, der prosjektleiing er tenkt lagt til Hallinghelse.

## **SAK 69/19    EVENTUELT**

### **Førespurnad frå Krødsherad kommune om tettare samarbeid med Hallingdal**

Flå kommune har etter invitasjon vore i møte med Krødsherad kommune, for å drøfte regionalt samarbeid på tvers av kommunegrensene. Merete H. Gandrud bad om ei drøfting i regionrådet, med bakgrunn i at Krødsherad kommune ynskjer å få vurdert moglegheitene for eit tettare samarbeid med Hallingdal.

Noko av grunnlaget for førespurnaden er m.a. at det er bestemt at alle kommunane i Viken skal høyre til ein kommuneregion, litt etter modell som var i Buskerud fylkeskommune.

I sak 05/19 drøfta Hallingtinget m.a. analyse av moglege framtidige kommuneregionar og Hallingdal sin plass, «Hallingtinget såg det som naturleg å halde fast ved Hallingdal som ein tydeleg og velfungerande region.»

#### Vedtak

Regionrådet for Hallingdal vil drøfte eit nærare samarbeid med Krødsherad kommune med bakgrunn i ein eventuell formell førespurnad

### **Styrking av faslegeordninga**

Fastlegeordninga i Noreg er i krise. Delvis er dette på grunn av arbeidsmengda og delvis er det på grunn av manglande rekruttering.

Manglande rekruttering av legar til Hallingdal er eit problem for heile regionen. Det er derfor viktig at kommunane har ei felles haldning og finn felles løysingar for å møte utfordringa. HALLIS – Hallingdal for allmennleger i spesialisering, er eit forprosjekt for å meisle ut eit prosjekt for utdanningsstillingar i Hallingdal.

Ståle Onsgård Sagabråten, fastlege Nesbyen kommune har retta ei oppmoding til regionrådet om tiltak for revitalisering og styrking av fastlegeordninga i Hallingdal, m.a. med ei mentorordning.

Det var stor semje om at rekruttering og styrking av faslegeordninga er svært viktig og at det må arbeidast vidare med desse spørsmåla.

#### Vedtak

Regionrådet for Hallingdal ber rådmannsutvalet følgje opp intensjonane med HALLIS og innspel frå Ståle Onsgård Sagabråten. Regionrådet ber om å bli orientert om vidare arbeid.

### **Skatteinnkrevjing, kommunal innkrevjing**

Etter staleggjering av skatteinnkrevjinga vil kommunane framleis ha ansvar for kommunale krav. Dette kan skje ved at den einskilde kommune sørgjer for seg, ved eit samarbeid mellom kommunane eller ved at kommunane kjøper tenesta frå staten.

For Hallingdal er arbeidsmengda for kommunal innkrevjing rekna til 1 – 2 årsverk.

Heidi Granli tok opp spørsmålet om korleis kommunane skal stille seg til framtidig innkrevjing av kommunale krav.

#### Vedtak

Til regionrådsmøte 31. januar utarbeidar dagleg leiar sak om alternative løysingar for innkrevjing av kommunale krav.

### **Innovasjonsløft Hallingdal**

Det vart stilt spørsmål ved om regionrådet og rådmannsutvalet bør prioriter deltaking på innovasjonsløft Hallingdal. Ut frå nærare drøftingar skal det vurderast eventuell deltaking til hausten.

### **Fiskerådgevar**

I lesarbrev 28.11.2019 utfordrar Olav Rande regionrådet til å arbeide for ein fiskerådgevar for Hallingdal.

### **Vedtak**

Dagleg leiar førebur sak om eventuell felles fiskerådgevar for Hallingdal etter nærare avklaringar med fylkesmannen.

### **Invitasjon til senterseminar laurdag 4.1.2020**

Regionrådet for Hallingdal har fått invitasjon til senterseminar på Nesbyen Næringstun 4.januar 2020. Tema er:

*Tema 1: Ødelegger kua og skogbruket klima?*

*Tema 2: Greier regjeringen å sentralisere vekk sorenskriverne også?*

*Tema 3: Hvordan skape en bedre polititjeneste?*

Hallingdal 28.12.2019

Knut Arne Gurigard

Dagleg leiar